



I fjor kjøpte Uskedalen Utvikling 4 bord og 8 benkar for ute-plassering ved Gamleskulen og no har det solide møblementet kome på plass.

Det betyr at TI-aren har ein utandørs-kapasitet på rundt regna 50 personar!

- No ventar vi berre på fint og varmt sommervær slik at vi kan få utnytta denne ekstra-kapasiteten, seier leiar for TI-aren Berit Harriet Døssland (biletet). I dag har ho vaska bord og benkar etterat dei vart beisa på verkstaden til Asbjørn Olsen. Også dei to borda med benkar som stod der frå før skal beisast.

Møblementet kosta 8.400 kroner og Berit opplyser at rekninga er betalt av overskotet ved TI-aren. Det er laga av fangane ved Sandeid Fengsl i Vindafjord.

I dag var det for vått i veret til at det nye møblementet kunne innviast, men besøket var ikkje verst: 26 vaksne og 7 barn.

(Foto: Ola Matti Mathisen)